



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 15/770 - 18/660

Saksbehandlar:  
Silje Haukedal  
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:  
11.01.2018

## Byggesak gbnr 79/21 Tjore nedre – tomannsbustad - tilsyn prosjektering

Kommunen har varsla tilsyn i prosjekteringsdokument om krav i TEK 10 § 8-6 til trinnfri åtkomst i sitt brev datert 19.12.2017. Arkoconsult har sendt tilsvarende prosjekteringsgrunnlag til kommunen i brev datert 20.12.2017.

Arkoconsult skriv i brevet at prosjekteringsgrunnlaget er innsendte bygningsteikningar, her under situasjonsplan og terrengprofiler med tilhøyrande sjekkliste.

At utføringa er i strid med prosjekteringa er ikkje ein del av dokumenttilsynet av prosjekteringa, men vi verte vurdert å ta opp som ein eigen sak med utførande foretak. Ansvarleg søker vil få kopi av eit eventuelt slikt brev.

Ved søknaden er det sendt inn terrengprofilar og situasjonsplan. I opphavlege terrengprofil kjem ikkje stigningsforhold til bustadens åtkomst fram, og det kjem heller ikkje fram i tekstu at stigningsforhold gjer at unntaket i TEK § 8-6 vart anvendt. I sjekklista som er tilsendt i forbindung med dokumenttilsynet kjem det fram i tekstu at unntaket i TEK § 8-6 er nytta. Det kjem samstundes ikkje fram nokon plassar kva slags vurderingar som er gjort og i kva grad vilkåret for unntaket i § 8-6 er oppfylt.

Kommunen skal ved handsaming av søknad leggje til grunn at krav i TEK er oppfylt. Ved tilsyn skal kommunen kunne gå inn i prosjekteringsdokumenta og sjå om krava faktisk er oppfylt, samt lese dei vurderinga som er gjort der eventuelle unntak gjer seg gjeldande. I denne saka eksisterer det ikkje prosjekteringsdokument som dokumentarar at vilkåra for å nytte unntaket i TEK § 8-6 er oppfylt, samt visar den vurderinga som er gjort. Kommunen finn dermed at manglande prosjekteringsdokument er eit avvik ved prosjekteringa.

Avviket må lukkast og prosjektande bør gå igjennom sine styringssystem for å sjå om det er naudsynt med utbetringar.

Når avviket er lukka må dokumentasjon på dette sendast kommunen.

**Frist for lukking av avvik er 31.01.2018.**

Kommunen vil og presisere at etter pbl. § 23-4 er det ansvarlig søker sitt ansvar å «*samordne de ansvarlig prosjekterende, utførende og kontrollerende, og påse at alle oppgaver er belagt med ansvar.*» Dette betyr at ansvarlig søker skal sørge for at heile tiltaket er underlagt ansvar og til ein kvar tid ha oversikt over grensesnitta slik at det er klart kva ansvarsområde som dekker kva. Ansvarleg søker sine styringssystem skal bidra til at dette kravet blir oppfylt i kvar enkelt sak.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/770.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal  
Seniorrådgjevar tilsyn/jurist

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSEN